

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-080
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 10.02.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/21	Valnemnda	18.02.2021
019/21	Alver kommunestyre	18.02.2021

Søknad om fritak frå politiske verv

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Konrad Risne innvilges ikkje permisjon frå møter i råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

Valnemnda 18.02.2021:

Handsaming:

Følgjande innspel er kome frå SAFO Sørvest og NFU 16.02.2021:

Jan Arild Lindaas blir fast medlem av RMNF for resten av valgperioden. Konrad Risnes beholder plassen som varamedlem.

Framlegg frå Ø.Oddekalv-AP:

Kommunestyret viser til valet av Konrad Risnes som fast medlem av RMNF i desember 2020. Sidan § 7-10 i kommunelova ikkje vart følgd ved dette valet blir det gjennomført nyval.

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Rådmannen sitt framlegg fekk ingen røyster og fall.

Framlegget frå Ø.Oddekalv vart samrøystes vedteke.

VALN- 003/21 Vedtak:

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Alver kommunestyre 18.02.2021:

Handsaming:

Innstilling frå valnemnda vart lagt fram i møtet:

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Innstillinga vart samrøystes vedteke.

KO- 019/21 Vedtak:

Jan Arild Lindaas blir vald som nytt fast medlem i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for resten av

inneverande valperiode.

Konrad Risnes held fram som første vararepresentant.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Konrad Risnes har i e-post, datert 21.01.21, søkt fritak frå møter i råd for menneske med nedsatt funksjonsevne

:

Hei

Søker om fritak resten av perioden frå deltaking i dette rådet.

Grunn. Alle møter for dette frivillige arbeidet er lagt til dagtid og min jobb krev at eg er tilstades.

Mvh

Konrad Risnes

Vurdering

Lova seier at en person kan søke seg friteke frå vervet, midlertidig eller for resten av valperioden.

Kommunestyret skal leggje vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent før den folkevalgte samtykka i å verte vald. Risnes vart opphåveleg vald som vara til rådet, men er etter opprykk, blitt fast medlem. Det er ikkje enringar på tidspunkt for møta og rådmannen kan ikkje sjå at arbeid/tilsetjing i privat næring skal gje rett til fritak.

I kommunelova § 5-2, bokstav e er råd for menneske med nedsatt funksjonsevne opplista, og medlemmane vert difor gitt same plikter som andre folkevalde.

Dersom kommunestyret ynskje å gje fritak, må organisasjonen som har innstilt Risnes til rådet, få kome med nytt framlegg til representant i rådet.

Frå rundskriv om konstituerande møte (H-4/19):

9.2 Val av settemedlem

Føresegna i kommunelova § 7-10 andre ledd er ny i den nye lova, og gjev reglar om val av settemedlem.

Dersom ein folkevald person i eit anna organ enn kommunestyret har eit mellombels fritak på meir enn tre månader, kan kommunestyret velje ein settemedlem i den perioden. For at kommunestyret kan velje settemedlem, må det altså vere gjeve eit fritak. Kommunestyret kan ikkje velje ein settemedlem sjølv om det er klart at personen ikkje vil komme på møte det neste halvåret, så lenge det ikkje er gjeve eit fritak.

Kommunestyret må følgje rekkefølgja på lista over varamedlemer ved val av settemedlem. Dersom personen som har fått fritak også er medlem av kommunestyret, må det kallast inn ein varamedlem for vedkomande til kvart kommunestyremøte etter føresegna i § 7-10 første ledd.

Kommuneloven:

§ 7-9. Uttreden og fritak

.....Hvis en folkevalgt ikke kan ivareta vervet sitt uten at det fører til vesentlig ulempe for han eller henne, kan kommunestyret eller fylkestinget etter søknad frita den folkevalgte for vervet midlertidig eller for resten av valgperioden. Når søknaden vurderes, skal det legges vekt på om grunnlaget for søknaden var kjent på det tidspunktet da den folkevalgte samtykket i å bli valgt.

En folkevalgt som har fått innvilget midlertidig fritak, har ikke rett til å tre inn igjen i vervet før fritaksperioden er over

§ 7-10. Opprykk, nyvalg og suppleringsvalg

.....Hvis en folkevalgt i andre organer enn kommunestyret og fylkestinget er innvilget fritak i minst tre måneder, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge et settemedlem for den perioden fritaket gjelder. Ved

valg av et settemedlem skal rekkefølgen på listen for varamedlemmer følges.